



FYLKESMANNEN I ROGALAND

KOPI

Time kommune
Postboks 38

4341 BRYNE

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2000/09938-6
Arkivnr: 471.1

Dato: 23.05.2001

Løyve til avslutting, lukking og etterdrift av Ree fyllplass

Vi viser til *Avslutningsplan for Ree boss plass* av 29.09.95. Planen er utarbeida av Time kommune. I tillegg viser vi til rapporten *Utslipp til luft fra Ree boss plass*, datert september 1995. Denne rapporten er utarbeida av Berdal Strømme på oppdrag frå Time kommune.

Fylkesmannen har nå behandla ferdig søknaden og gir løyve på visse vilkår. Løyvet med vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29 og gjeld frå dags dato.

Dei tilhøva som er vurdert å ha størst miljømessige konsekvensar, er regulert i løyvet. Endringar i dette løyvet må gjerast skriftleg. Dersom verksemda vert overført til ny eigar, skal fylkesmannen ha skriftleg melding om dette seinest ein månad etter eigarskiftet. Vi gjer merksam på at eigarskifte kan føre til endringar i utsleppsløyvet i samsvar med forureiningslova § 18.

Fylkesmannen gjer merksam på at visse forureinande verknader kan inntreffe som følgje av dei utslepp løyvet gir høve til. Klepp, Time og Hå kommunar er ikkje fritakne for plikt til å betale erstatning eller vederlag etter grannelova for slike eventuelle verknader, jf. forureiningslova § 56.

Generelt er det å ikkje overhalda utsleppsvilkåra straffbart etter forureiningslova og straffelova.

1 Etterkunngjøring av utsleppsløyvet

Fylkesmannen har vurdert utsleppsløyvet i samband med avslutting, lukking og etterkontroll å vera av liten interesse for andre enn Hå, Klepp og Time kommunar foruten IVAR (Interkommunalt vann-, avløps- og renovasjonsverk).

Postadresse
Postboks 59
4001 Stavanger

Besøkadresse
Statens Hus.
Lagårdsvn. 78
Stavanger

Sentralbord.
Telefon: 51 56 87 00
Telefaks: 51 56 88 11

E-post
Postmottak@fin-ro.stat.no

Landbruksavd.
Langflåtn. 29
Postboks 210
4001 Stavanger

Telefon: 51 90 52 00
Telefaks: 51 90 52 01

Som ein del av sakshandsaminga sendte fylkesmannen utkast til løyve til IVAR og Time kommune på uformell høring. Kommentaranane frå IVAR og kommunane blei vurdert og løyvet justert i høve til merknadane.

Løyvet vil bli kunngjort i etterhand i Stavanger Aftenblad, Jærbladet og Norsk lysingsblad, samt lagt ut til offentleg gjennomsyn ved teknisk etat i Time kommune. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av anleggseigar.

2 Bakgrunn for saka

2.1 Nedlagde fyllplassar treng løyve

På grunnlag av Stortingsmelding nr. 44 (1991-92) om tiltak for reduserte avfallsmengder, auka gjenvinning og forsvarleg sluttbehandling av restavfall, har Statens forureiningstilsyn (SFT) fastsett retningslinjer til fylkesmannen for handtering av fyllplassar. Retningslinjene inneber mellom anna at det skal stillast krav til forsvarleg avslutting, lukking og etterkontroll av avfallsplassar.

Etterkontrollen gjeld utslepp til luft og vatn og resipientkontroll i ein periode på inntil 30 år etter avslutting av fyllinga.

2.2 Historisk oversikt av Ree fyllplass

Ree fyllplass var i bruk som fyllplass for Hå, Klepp og Time kommunar frå årsskiftet 1972/73 fram til utgangen av august 1995. Det er i all hovudsak deponert hushaldningsavfall på fyllplassen, men også mindre mengder spesialavfall og tungmetall frå galvaniseringsindustri ligg i deponiet.

Frå september 1995 har dei tre kommunane levert sitt avfall til IVAR sitt avfallsanlegg på Sele.

Kommunane leigde først areal av Ole J Ree, men i 1983 kjøpte Time grunnen på 140 daa. I 1988 selde kommunen tilbake 37,5 daa og etterkvart skal ytterlegare ca 65 daa selgjast til nabobruk som jordbruksareal. Resten (40 daa) skal Time kommune behalde og nytte til bl.a. mottaksanlegg for spesialavfall, mellomlagring av kjeldesortert avfall og mellomlager for jord, stein-, og grusmassar.

Time kommune fekk utsleppsløyve for fyllplassen 4. januar 1984 i samband med at fyllplassen skulle utvidast og 30 daa alt var utfylt. I 1990 fikk Time løyve frå SFT til å motta spesialavfall frå hushaldningar og mindre næringsverksemdar, og i 1992 blei det inngått ein avtale med IVAR om levering av hageavfall til Sele.

Ved avslutting av avfallsplassen ble det vedtatt at ansvaret for oppfølging og etterdrift skulle liggje på ei administrativ gruppe som består av teknisk sjef frå kvar av dei 3 kommunane. Dagleg drift og administrasjon er styrt av Time kommune.

2.3 Storleiken til deponiet

Total mengde avfall deponert på Ree fyllplass er vurdert til om lag 230 000 tonn. Fyllingsvolumet er rekna til 380 000 m³ og av dette er 1/10 dekkmassar. Total djupn på fyllinga er om lag 7 m i den nye og 3-4 m i den gamle delen av fyllinga.

3 Vurdering og grunngeving for vedtaket

For å sikre forsvarleg etterdrift av Ree fyllplass er det i vilkåra som følgjer dette løyvet sett krav som skal sikre at dei nasjonale krava til fyllplassar blir oppfylt. Dette gjeld bl.a. kontroll med sigevatn og grunnvatn samt oppsamling av deponigass.

3.1 Sigevatn

I den gamle delen av fyllinga blei det ikkje sett i verk tiltak for tetting av botn. Fyllinga ligg på morene så ein må rekne med at sigevatnet i all hovudsak blir filtrert ned gjennom grunnen. Det er ikkje mogleg å måle mengd eller samansetjing av sigevatnet frå gammal del av fyllinga.

I den nye delen av deponiet, brukt frå 1983 til 1995, er botnen tetta med eit 30 cm tjukt lag av leire. Her er det lagt drenering med sjølvfall inn på Nordsjøkloakken, som går gjennom fyllplassen i ei grøft i botn av deponiet. Dreneringa består av 3 separate deler som kvar for seg er kopla på Nordsjøkloakken, som leier fram til Vik reinseanlegg. Etter reinsing blir vatnet sendt vidare for utslepp til Nordsjøen ved Viktangen, på 10 meters djup og 400 m frå land.

For at det biologiske fosforfjerningsanlegget på Vik skal fungere best mogleg er det viktig at:

- Vatnet inn til behandling inneheld minimalt med tungmetaller og miljøgifter.
- Vassmengden som skal behandlast ikkje overstiger kapasiteten til anlegget.

Det er ønskjeleg å kunne nytte slammet frå reinseanlegget til jordbruksføremål eller på grøntareal. Målet er difor å unngå alle kjelder til utslepp av større mengder tungmetall.

Det er ikkje mogleg å finne eit målepunkt som er representativ for sigevatnet frå den nye delen av fyllinga. Derfor har Time kommune fått pålegg om å ta prøver av vatnet i Nordsjøkloakken før og etter fyllplassen, slik at tilførselen av tungmetall frå fyllinga kan kvantifiserast.

3.2 Overflatevatn

Det er gitt pålegg om å utforme fyllinga slik at minst mogleg overflatevatn trengjer ned i deponiet og blir sigevatn.

Når det gjeld det området som Time kommune skal behalde, renn overflatevatnet ned i oppsamlingskummar og vidare i eit tett røyr til Rosslandsåna. Røyret er ikkje gravd djupare ned i fyllinga enn at det ligg i dei reine massane på toppen.

Ettersom Rosslandsåna og Orrevassdraget er sårbare er Time kommune pålagt å vise særleg aktsemd slik at aktivitetane på området ikkje fører til at overflatevatnet frå området blir forureina og slik overbelastar vassdraga.

3.3 Vatn i pumpekummen i nordvest

For å unngå overbelastning av reinseanlegget på Vik må tilførselen av vatn til anlegget reduserast mest mogleg. Det skal derfor takast minst 4 prøvar i løpet av eit år av det vatnet som i dag renn ned i pumpekummen i nordvest for å få grunnlag til å avgjere om vatnet problemfritt kan sleppast ut til Rosslandsåna og Orrevassdraget eller om det også framover skal førast inn på Nordsjø-kloakken.

Vilkår i løyvet til handtering og eventuell vidare kontroll med vatnet frå pumpekummen vil bli fastsett når resultatane frå undersøkinga er klar.

3.4 Forureining av bekken nedanfor pumpa

Pumpa i pumpekummen har tidvis vore fjerna og sendt til langvarige reparasjonar utan at mellombels pumpe har vore installert. Då har vatnet frå pumpekummen (via eit overløp) runne ned i bekken og Rosslandsåna. Det er ukjent kor belastande dette har vore for bekken og elva.

For å få eit mål på belastninga og eit grunnlag for å vurdere eventuelle oppryddingstiltak i bekken skal det takast minst to prøvar av sedimenta. Ein prøve skal takast langt oppe i bekken og den andre nær utløpet til elva. Det er viktig at prøvane blir tatt der vatnet renn forholdsvis roleg, slik at eventuelle forureiningar kan ha blitt haldt tilbake og akkumulert i sedimenta.

3.5 Deponigass

Deponigass frå ny del skal utvinnast.

I gammal del av fyllinga er avfallet komprimert, men fyllingshøgda er berre 3- 4 m og det er mange år sidan avfall blei deponert her. Difor er det lite sannsynleg at deponigassen frå gammal del av fyllplassen kan utvinnast. Fylkesmannen gir difor ikkje kommunen pålegg om å undersøkje gasspotensialet i gammal del av fyllinga med tanke på utvinning, men pålegg kommunen å tilretteleggje for at gassen blir oksidert i toppdekket. Jf. dokumentasjon frå Norconsult.

Innan 30.09.2001 skal Time kommune skriftleg greie ut korleis ein konkret har sikra at deponigassen i gammal del av fyllinga blir oksidert i overflata. Saman med utgreiinga skal det leggjast ved målingar som viser omfanget av ikkje-oksidert deponigass som fortset å sive ut (frå den gamle delen av deponiet).

3.6 Miljøkontroll

3.6.1 Kontroll med sigevatn

Fylkesmannen pålegg Time kommune å ta prøvar av vatnet i Nordsjø-kloakken, før og etter fyllplassen, og å måle innhaldet av tungmetall i dette vatnet. I tillegg skal vassmengda nedstraums fyllinga målast. Etter ein prøveperiode på eit år vil fylkesmannen vurdere behovet for justering av krava til overvaking.

Dersom Vik reinseanlegg seinare får problem med så høge konsentrasjonar av tungmetall og miljøgifter i sitt innløpsvatn at det går ut over den biologiske reinseprosessen, og det viser seg at ei vesentleg kjelde til dette er Ree fyllplass, vil fylkesmannen kunne gi Time kommune pålegg om å gjennomføre tiltak som reduserer belastninga.

3.6.2 Kontroll med grunnvatn

Vatnet i eksisterande brønn for overvaking av grunnvatn skal analyserast 3 gonger årleg. Talet på analyseparametrar er redusert i høve til dei målingane som vart gjort i perioden 1996 og fram til i dag.

Oppfølginga av grunnvatnet kan bli justert etter at resultatata frå den hydrogeologiske undersøkinga er vurdert.

4 Tidsfristar

| Tiltak | Vilkår i løyvet | Frist |
|---|-----------------|----------------------------------|
| Ta sedimentprøvar i bekken | 3.4 | 30.06.2001 |
| Sende inn rapport frå undersøkinga i bekken | 3.4 | 31.08.2001 |
| Informere om korleis oppsamla gass i ny del av deponiet skal disponerast | 4.1 | 30.09.2001 |
| Sende inn rapport som forklarar korleis ein sikrar at deponigassen i gammal del av fyllinga blir oksidert i overflata | 4.1 | 30.09.2001 <i>1 juni 2002</i> |
| Sende inn forslag til resipientundersøking (grunnvatn) | 3.7 | 30.09.2001 <i>15.10.2002</i> |
| Deponigassanlegget skal vera i drift | 4.1 | 31.07.2002 |
| Sende inn rapport over analysar av vatnet frå pumpekummen | 3.4 | 31.07.2002 |
| Sende inn rapport frå resipientundersøking (grunnvatn) | 3.7 | 31.07.2002 |
| Årsrapport | 5.1 | 1. mars kvart år |

5 Ansvarsforhold, klagerett m.v.

Time kommune har ansvaret for at anlegget blir drevet i samsvar med løyvet.

Løyvet kan påklagast til SFT innan tre veker frå melding om avgjerda er motteken. Mogleg, grunnlagt klage skal stilast til SFT, og blir å senda Fylkesmannen i Rogaland.


Odd Kjos-Hanssen
Fylkesmiljøvernsljef


Marit Sundsvik Bendixen
seksjonsleiar

Saksbehandlar: *Margareta Skog, 51568938*
margareta.skog@fm-ro.stat.no

1 vedlegg: Løyvet

Kopi: Hå kommune
Klepp kommune
IVAR
Trygve Rosland
Naturvernforbundet i Rogaland
Fylkesfriluftsnemnda i Rogaland
Jæren friluftsråd
Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga
SFT



FYLKESMANNEN I ROGALAND

KOPI

Løyve til avslutting, lukking og etterdrift av Ree fyllplass

gitt med heimel i lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, med seinare endringar, §§ 11, 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i avslutningsplan 29. september 1995 og opplysningar framkomne under behandling av saka. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 7. Endringar som konsesjonsinnehavar ønskjer å føreta i høve til desse, må vera avtalt med fylkesmannen på førehand.

Med heimel i omgjeringsreglane i forureiningslova § 18, kan fylkesmannen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setja nye vilkår, og om nødvendig kalla løyvet attende. I alle høve kan løyvet kallast attende eller endrast når det er gått 10 år etter at det er gitt. Løyvet frittek ikkje konsesjonshavar for innhenting av andre løyve for andre sider av verksemda, eller for erstatningskrav etter dei almenne erstatningsreglane, jf. forureiningslova § 10, 2. ledd og kap. 8.

Vi gjer merksam på at løyvet ikkje fritar frå plikter i høve til anna lovverk.

Løyvet gjeld i 30 år frå dags dato.

Anleggsdata:

| | |
|---------------------------|---------------------|
| Anleggseigar: | Time kommune |
| Anlegget si lokalisering: | Gnr. 3, bnr. 4, Ree |
| Poststad: | 4341 Bryne |
| Kommune: | 1121 Time |

| |
|--|
| Fylkesmannen sin referanse: Jnr. 2000/09938-6 MS, Arkivnr. 471.1 |
|--|

Dato: 23.05.2001


Odd Kjos-Hanssen
fylkesmiljøvernssjef


Marit Sundsvik Bendixen
seksjonsleiar

1. JURIDISKE VILKÅR

1.1 Underlag for løyvet

Dette løyvet er basert på følgjande lover og forskrifter:

- ”Lov om vern mot forurensninger og om avfall” (forureiningslova) av 13.3.1981 med seinare endringar.
- ”Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter” (internkontrollforskrifta) fastsett ved kgl. resolusjon 22.3.1991.

1.2 Forureiningsgebyr

Med heimel i forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetje forureiningsgebyr til staten for å sikra at tiltak pålagde i samsvar med løyvet blir sette i verk.

1.3 Brot på vilkåra

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart i medhald av forureiningslova kap. 10, dersom ikkje tilhøvet blir påtalt etter strengare straffereglar.

2 ANLEGG

2.1 Lokalisering

Ree fyllplass ligg på eigedomen gnr. 3, bnr. 4 i Time kommune.

2.2 Utforming

Då fyllinga vart avslutta i 1995 inneheldt ho om lag 230 000 tonn avfall.

Toppdekket på fyllinga består av 60 – 70 cm grus underst. Minst 50 cm jord- og myrmasser er lagt øverst på det området som er eller skal bli jordbruksareal. Berre den eldste delen av deponiet er sådd til og blir nytta som jordbruksareal, mens kommande jordbruksareal, 65 daa enda ikkje er tilsådd. Den delen av området som Time kommune beheld og skal nytte til bl.a. mottak av spesialavfall og mellomlager for jord, stein-, og grusmassar, vil få eit toppdekke av asfalt, grus og jord alt etter aktivitetane som skal foregå dei enkelte stadene.

3 UTSLEPP TIL VATN

3.1 Handtering av overvatn

Overflata skal utformast slik at minst mogleg overflatevatn vil samle seg opp, erodere i massane eller trenge ned i deponiet.

Aktivitetane på det området som Time kommune beheld, skal drivast slik at overflatevatnet som renn i tett røytr til Rosslandsåna ikkje blir forureina.

Reint overflatevatn skal ikkje førast til Nordsjø-kloakken.

3.2 Handtering av sigevatn

I den nye delen av fyllinga er botnen tett, og sigevatnet blir samla opp og transportert via Nordsjøkloakken til Vik reinseanlegg. I gammal del av fyllinga er det ikkje tett botn. Her blir sigevatnet i hovudsak filtrert gjennom morenelaget under deponiet. I den grad sigevatn renn bort til ny del, skal det fangast opp av oppsamlingssystemet der.

Dersom sigevatn renn utanom omtala kanalar og forureinar omgivnadene, skal tilsiget stoppast og sigevatnet skal leiast slik at forureininga opphøyrer.

Viser det seg at vatnet som renn ned i pumpekummen i nordvest er forureina med sigevatn, skal det førast til Nordsjø-kloakken. Jf. vilkår 3.4.

3.3 Prøvetaking, analysar m.m.

Alle vasskjemiske analysar pålagt utført i vilkåra 3.4, 3.5 og 3.6 skal utførast ved akkreditert laboratorium. Prøvetakingsprosedyrene skal leggjast ved årsrapportane.

Andre krav om rapportering til fylkesmannen er gitt i vilkår 5. Analysekostnadene skal dekkjast av anleggseigar.

3.4 Analysar av vatnet får pumpekummen i nordvest

Det skal takast prøvar av vatnet frå pumpekummen i nordvest, totalt minst 4 gonger. Prøvane skal takast i januar/februar, mai, juli/august og oktober. Konsentrasjonen i prøvane av følgjande parametrar skal målast:

| Grunnprogram * | Tilleggsprogram ** |
|----------------|--------------------|
| Leidningsevne | Kopar (Cu) |
| PH | Krom (Cr) |
| TOC | Nikkel (Ni) |
| Total nitrogen | Sink(Zn) |
| Bly (Pb) | PCB |
| Jern (Fe) | PAH |
| Kadmium (Cd) | |
| Kvikksølv (Hg) | |

Rapport over analyseresultata skal sendast til fylkesmannen innan 31.07.2002.

15.10.2002

Viser analyseresultata at vatnet gjennom hele denne perioden er reint/ikkje forureina med sigevatn, kan vatnet sleppast i Rosslandsåna.

Det skal takast prøvar av sedimenta høgt oppe i bekken samt nær utløpet til elva. Prøvane skal takast der vatnet renn forholdsvis roleg.

Prøvane skal analyserast av akkreditert laboratorium for dei samme stoffa som sigevatnet, jf. kap. 3.5. Prøvane skal takast innan 30.06.01 og rapport med forslag til tiltak skal sendast fylkesmannen innan 31.08.01.

Basert på rapporten vil fylkesmannen vurdere om bekken skal reinsast opp, inkl. korleis sediment som eventuelt blir fjerna skal disponerast.

3.5 Overvaking av sigevatn

Prøvar av vatnet frå Nordsjø-kloakken skal takast rett før og rett etter deponiet. Konsentrasjonen av tungmetall i prøvane skal målast begge stader. I årsrapporten skal resultat rapporterast som to sett med resultat for kvart prøvetakingstidspunkt.

Mengd vatn skal målast nedstrøms deponiet. I årsrapporten skal mengd vatn på prøvetakingstidspunktet rapporterast. Jf. villkår 5.1.

Prøvane skal analyserast etter følgjande minimumsprogram:

| Grunnprogram * | Tilleggsprogram ** |
|----------------|--------------------|
| Bly (Pb) | Kopar (Cu) |
| Jern (Fe) | Krom (Cr) |
| Kadmium (Cd) | Nikkel (Ni) |
| Kvikksølv (Hg) | Sink (Zn) |

* Skal utførast i januar, mai og september kvart år

** Skal utførast i januar kvart år

Etter ein periode på eit år skal måleparametrane, prøvetakingsmetoden og -frekvensen vurderast av fylkesmannen. Krava til overvaking av sigevatnet vil då kunne bli justert.

3.6 Overvaking av grunnvatn

For å overvake mogleg forureining av grunnvatn blei det i 1995 bora ein brønn for prøvetaking av grunnvatn, i grøfta nedanfor pumpekummen og leirvollen i nordvest. Prøvetaking i denne brønnen skal nå gjerast 3 gonger årleg og etter følgjande minimumsprogram:

| Grunnprogram * | Tilleggsprogram ** |
|----------------|--------------------|
| Leidningsevne | Kopar (Cu) |
| pH | Krom (Cr) |
| TOC | Nikkel (Ni) |
| Total nitrogen | Sink(Zn) |
| Bly (Pb) | PCB |
| Jern (Fe) | PAH |
| Bor (B) | |
| Kadmium (Cd) | |
| Kvikksølv (Hg) | |

* Skal utførast i januar, mai og september

** Skal utførast i januar

Dersom den hydrogeologiske undersøkinga, jf. vilkår 3.7, avdekkjer at oppfølginga av grunnvatn vil bli betre i ein annan brønn og/eller med andre måleparametrar kan fylkesmannen forandre krava ovanfor i samsvar med dette. Dersom undersøkinga avdekkjer at fleire brønner skulle ha vore overvaka, vil fylkesmannen kunne utvide talet på brønner som skal vera med i programmet.

3.7 Overvaking av resipienten

Mogleg forureining av grunnvatn som skuldast fyllplassen på Ree må kartleggjast. Ekspertar på hydrogeologiske undersøkingar må vurdere talet på og plasseringa av brønner i nedslagsfeltet til fyllplassen, slik at den nødvendige oversikt kan etablerast.

Forslag til måleprogram inklusive tal på og plassering av brønner skal sendast til fylkesmannen for godkjenning innan 30.09.2001.

Rapport med analyseresultata, og vurderingar av desse, skal sendast fylkesmannen innan 31.07.2002. Dersom resultatata tilseier at grunnvatnet er forureina, skal rapporten også innehalde forslag til tiltak for å avgrense forureininga.

Basert på rapporten vil fylkesmannen avgjere kva krav som skal stillast til vidare oppfølging av resipienten.

4. UTSLEPP TIL LUFT

4.1 Deponigass

Deponigassen i gammel del av Ree fyllplass skal oksiderast i toppdekket. Anleggseigar skal innan 30.09.2001 dokumentere at valt metode fungerer og skildre metoden.

Deponigassen i ny del av deponiet på Ree skal samlast opp og faklast eller nyttast på betre måtar. Anleggseigar skal informere fylkesmannen om valt disponeringsmåte for gassen innan 30.09.2001.

Plasseringa av gassbrønner skal gjerast som vist på kartet *Ree boss plass, Skisse over plassering av gassbrønner*, utarbeida av Berdal Strømme og datert 27. juli 1995. Jf. *Utslipp til luft fra Ree boss plass*. Dersom det under detaljplanlegginga blir klarlagt at plasseringa av brønnane må justerast, skal fylkesmannen informerast om dette.

Seinast 31.07.2002 skal oppsamlingsystemet for deponigass med avbrenning eller god utnytting av energien i gassen, i form av el-produksjon, fjernvarme, oppvarming av drivhus eller liknande, vera i drift.

5 RAPPORTERING

5.1 Årsrapport

Anleggseigar skal kvart år innan 1. mars sende skriftleg rapport til fylkesmannen for siste kalenderår.

Rapporten skal innehalde samandrag av miljøkontroll (jf. vilkår 3.4 - 3.6). Resultata skal kommenterast og konklusjonar trekkjast.

Var det viktige forhold og/eller større aktivitetar ved fyllplassen i løpet av kalenderåret, men som fylkesmannen ikkje tidlegare skriftleg er blitt innrapportert om, skal slike forhold og aktivitetar kort skildrast i årsrapporten.

5.2 Avvikssituasjonar

Akutte avvikssituasjonar eller driftsforstyringar av betydning skal meldast til fylkesmannen umiddelbart.